

PROTOKOLL FRÅ STYREMØTE I HELSE FONNA HF

STAD: Stord DPS
MØTETIDSPUNKT: 26.10.17 kl. 09.00-12.00

Styremøte var ope for publikum og presse

DELTAKARAR FRÅ STYRET

Kjell Arvid Svendsen	Styreleiar
Solfrid Borge	Medlem
Hilde Brit Christiansen	Medlem
Gunnar Birkeland	Medlem
Nina Budal	Medlem
Pål Osjord Midbøe	Medlem
Helge Espelid	Medlem
Tove Martha Callaghan	Medlem

DELTAKARAR FRÅ ADMINISTRASJONEN

Olav Klausen	Administrerande direktør
Margareth Langebro	Kommunikasjonssjef
Ingebjørg Kismul	Administrasjonssjef

Leiar av brukarutvalet i Helse Fonna
Laila Stensletten

Forfall frå styremøte

Brian Bjordal	Nestleiar
---------------	-----------

SAKLISTE

Sak 68/17	Godkjenning av innkalling og dagsorden
Sak 69/17	Godkjenning av protokoll 29.09.17
Sak 70/17	Administrerende direktør si orientering
Sak 71/17	Enterprise for ByggHg2020
Sak 72/17	Rapport frå verksemda
Sak 73/17	Tilleggsdokument til styringsdokument 2017 Helse Fonna HF
Sak 74/17	Plan for internrevisjon i Helse Vest

UNDERLAG

Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt
Vedlagt

Saker til orientering

Sak 75/17	Sjuefråvær, utvikling og tiltak
Sak 76/17	Eventuelt Skriv og meldingar

Vedlagt
Vedlagt

Sak 68/17 Godkjenning av innkalling og dagsorden**Vedtak [samrøystes]**

Innkalling og dagsorden ble godkjent

Sak 69/17 Godkjenning av protokoll frå styremøte 29.09.17**Vedtak [samrøystes]**

Styret godkjente og signerte protokoll frå styremøte 29.09.17

Sak 70/17 Administrerende direktør si orientering

Administrerende direktør meldte eit nytt punkt 10 til administrerende direktør si orientering.

OPE DEL**1. Rapportering tilsynssaker**

Administrerende direktør viste til vedlagt notat

2. Oversikt over aktuelle høyringar

Administrerende direktør viste til vedlagt notat

3. Prosess for leing og organisering

Administrerande direktør refererte frå leiarsamlinga 20.10.17 og presenterte fokusområder, føringar og leiaroppgåver.

4. Presentasjon av konstituert klinikkdirektør Anne Karin Fossdal

Anne Karin Fossdal presenterte seg for styret

5. Arbeid for å redusere talet på korridorpasientar

Kst. klinikkdirektør Anne Karin Fossdal og klinikkdirektør Berit Haaland informerte om pågåande arbeid for å redusere talet på korridorpasientar i Helse Fonna. Det blei informert om status og utfordringar. Talet på korridorpasientar har gått ned i 2017 og tiltaka som er sett i verk blei gjennomgått.

6. ByggHaugesund2020

Prosjektleder Laila Nemeth orienterte om ByggHG2020 med fokus på teknologiske løysingar. Lånefinansiering til ByggHG2020 ligg inn i statsbudsjett 2018. Administrerande direktør informerte om at det i statsbudsjett 2018 er innvilga 50 millionar kroner i lånedel , noko som er mindre enn planlagt i forprosjektet.

7. Utviklingsplan Helse Fonna

Prosjektleder Reidun Rasmussen Mjør informerte om status i dag for arbeidet med «Utviklingsplan for Helse Fonna HF».

8. Gjennomgang av økonomisk resultat sommar 2017

Klinikkdirektør økonomi Jan Håvard Frøyland gjekk gjennom dei økonomiske avvika som oppstod sommaren 2017, både for inntekter og utgifter.

9. Evaluering av ferieavvikling 2017

HR direktør Helga Stautland Onarheim informerte om «Evaluering av ferieavviklinga 2017» Det ble orientert om målsetting og gjennomførte tiltak. Det ble vist til tilbakemeldingar frå leiarar, tillitsvalde og verneomboda i tillegg orientert om utviklingsområder for ferieplanlegging.

10. Medieoppslag om Odda sjukehus

Administrerande direktør orienterte om medieoppslag i Odda om mellom anna rekruttering av kirurgar til Odda sjukehus. Ein kirurg er tilsett ved Odda sjukehus og rekrutteringsarbeidet held fram.

Vedtak [samrøystes]

Styret tek meldingane til orientering

Sak 71/17 Enterprise for ByggHg2020

Bakgrunn for saka

ByggHgsd2020 vil i november 2017 gå ut med prekvalifisering av tilbydere til totalentreprisen (B02)

Anskaffelsesprosedyre

Anskaffelsen vil bli gjennomført som "anbudskonkurransse med forhandling" – ref. forskrift om offentlige anskaffelser - som innebærer utvelgelse av 3-5 entreprenører (pre-kvalifisering), forhandling med inviterte tilbydere om tilbudene, evaluering av endelige tilbud og valg av totalentreprenør.

Konkurransse med forhandling er hjemlet i forskrift om offentlige anskaffelser (FoA) § 13-2 (c) og er valgt for å sikre at alle tilbyderne har forstått oppgaven og tilbyr kompetanse, ressurser og løsninger best mulig tilpasset oppgaven.

Konkurranssegrunnlag

Konkurranssegrunnlaget utgjøres av to deler:

Del 1 Konkurranssebestemmelser – beskriver anskaffelsesprosedyre, evalueringskriterier, krav til dokumentasjon etc. Dette dokumentet har utspilt sin rolle når kontrakten er tildelt.

Del 2 Kontraktgrunnlaget inneholder all informasjon som skal inngå i endelig kontrakt og utgjøres av:

- Kontraktsbestemmelser
- Tekniske krav
- Krav til byggeprosessen
- Frister og dagmulker
- Vederlaget
- Byggherrens leveranser

Kontraktgrunnlaget er beskrevet i mer detalj under.

Prekvalifisering

Konkurransen vil bli utlyst tidlig i november med 30 dagers frist for potensielle tilbydere til å melde interesse.

Kvalifikasjonskriteriene (minimumskrav til foretak for å kunne delta i konkurransen) vil være (forkortet):

- Firmaattest og attest for betalt skatt/avgift
- Økonomisk kapasitet; omsetning byggevirksomhet minst 1 milliard kr. per år
- Finansiell soliditet; minst kredittvurdering A
- Tekniske og faglige kvalifikasjoner:
 - Erfaring fra tilsvarende oppdrag
 - Lærebedrift
 - System for å sikre HMS, kvalitet og oppfyllelse av lovpålagte krav (internkontroll)
 - Rutiner for bruk av underleverandører og rutiner for å sikre mot sosial dumping i henhold til forskrift om lønns- og arbeidsvilkår i offentlige kontrakter, forskrift om bruk av lærlinger i off. kontrakter og forskrift om allmenngjøring av tariffavtaler.

Dersom flere enn 3-5 melder interesse om deltagelse vil utvelgelse skje på basis av følgende kriterier som vil bli likt vektet (forkortet):

- Spesifikk erfaring fra sykehusprosjekter.
- Spesifikk erfaring fra samspillskontrakter
- Spesifikk erfaring fra bruk av BIM i prosjektering, utførelse, testing og ferdigstilling
- Spesifikk erfaring fra systematisk ferdigstilling, testing

Styret kommenterte at det må stillast krav til bruk av lærlingar i arbeidet.

Prosjektleder Laila Nemeth orienterte òg om status for enterprise byggegrupp. To store aktørar har gitt tilbod.

Vedtak [samrøystes]

Styret gir si tilslutning til anskaffingsprosedyre for totalentreprise (B02) knytt til ByggHgsd2020 med dei kommentarane som kom fram i møtet.

Sak 72/17 Rapport frå verksemda

Oppsummering

Administrerande direktør orienterte.

Resultatet for perioden syner eit overskot på 7,9 millionar kroner mot eit budsjettert overskot på 3,3 millionar kroner Dette gir eit positivt budsjettavvik på 4,6 millionar kroner.

Akkumulert er underskotet på 6,4 millionar kroner som er 36,3 millionar kroner lågare enn budsjettert. Årsprognosen for 2017 er på bakgrunn av resultatet hittil i år, satt til 30 millionar kroner.

Dei aktivitetsbaserte inntektene syner for perioden eit samla negativt avvik på 1,5 millionar kroner.

Varekostnadene knytt til eigen aktivitet viser totalt eit negativt avvik på 1,0 millionar kroner , og er knytt opp mot eit avvik på kreftlegemiddel 1,1 millionar kroner og behandlingshjelpemiddel 0,6 millionar kroner.

Personalkostnadane inkludert inn leige av personell frå byrå viser denne månaden eit negativt avvik på 1,8 millionar kroner.

Andre driftskostnadar viser denne månaden samla sett eit negativt avvik på 0,3 millionar kroner.

Helse Fonna HF har fått tildelt 10,3 millionar i sysselsetjingsmidlar i 2017 som skal nyttast til vedlikehaldstiltak.

Likviditetsoversikten ved utgangen av månaden viser ein disponibel likviditet på 573,1 millionar kroner, noko som er 0,8 millionar kroner lågare enn førre månad.

Aktivitet og kvalitet

I september har det vore høgare aktivitet både på poliklinikkar og sengepostar enn planlagd. Gjennomsnittleg ventetid for alle behandla pasientar var 64 dagar, for ventande 51 dagar.

Ventetida innan BUP-feltet har gått monaleg ned sidan førre rapportering.

Innan somatikken var ventetida for behandla 66 dagar (eigarkrav 60 dagar), innan psykisk helsevern for vaksne 37 dagar (eigarkrav 40 dagar), innan psykisk helsevern for barn og unge 46 dagar (eigarkrav 35 dagar) og innan rusfeltet 24 dagar (eigarkrav 35 dagar).

72 pasientar blei behandla etter fristen gjekk ut i september. 47 pasientar på ventelistene har ikkje fått time innan fristen som er sett. Det er ingen fristbrot i klinikk for psykisk helsevern. Innan somatikken er det enkeltståanda fristbrot på fleire fagfelt. Denne månaden er det kvinnesjukdommar Haugesund som har flest fristbrot for ventande pasientar (8).

28 pasientar hadde venta meir enn eitt år.

Fire av fem epikriser blei sendt innan fristen på sju dagar.

I september månad var det 68 pasientar innan somatikk som samla låg 174 døgn i sjukehusa i føretaket etter at dei var melde utskrivingsklare til kommunane.

Korridorpasientar

2,1 prosent av sengedøgna i somatikken var på korridor i månaden.

Medarbeidar

Sjukefråværet var 6,6 prosent.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Fonna HF tar rapport frå verksemda til etterretning.

Sak 73/17 Tilleggsdokument til styringsdokument 2017 Helse Fonna HF

Oppsummering

Helse Vest RHF viser til styringsdokument for 2017 vedteke i føretaksmøte den 8. mars 2017. Som følgje av mellom anna Stortingets behandling av Prop. 129 S (2016-2017), jf. Innst. 401 S (2016-2017), sender Helse Vest RHF ut eit tilleggsdokument til styringsdokumentet for 2017.

Tilleggsdokument til styringsdokument 2017 blei vedteke i føretaksmøte 03.10.17.
Tilleggsdokumentet inneheld nye oppdrag til styringsdokument for 2017

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Fonna HF tek tilleggsdokument til styringsdokument 2017 Helse Fonna HF til etterretning.

Sak 674/17 Plan for internrevisjon i Helse Vest

Oppsummering

Årleg plan for internrevisjon i Helse Vest blei tidlegare vedteke av styret i Helse Vest. Det er no eit ønskje at føretaka kommer med innspel til plan for internrevisjon 2017-2018 og legg forslaga fram for eige styre før planen blir behandla i styret i Helse Vest.

Innspela i saka blir sendt til Helse Vest RHF.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Fonna HF ber administrerande direktør svare internrevisjonen i Helse Vest i tråd med saka og dei innspela som kom i møtet.

Saker til orientering

Sak 75 /17 Sjukefråvær, utvikling og tiltak

Oppsummering

Å arbeide for ein helsefremmande arbeidsplass og lågt sjukefråvær er ein av Helse Fonna sine strategiar for å vere ein framtidretta kompetanseorganisasjon. Det blir i saka lagt fram statistikk over utviklingstrekk, oversikt over kva tiltak som er gjennomført og kva føretaket vil gjere for å nå måla.

Seksjonsleiar på gynekologisk og føde avdeling Stord og konstituert seksjonsleiar kirurgi, klinikk Stord, Isabel Solvang Tofte, informerte om korleis gynekologisk og føde seksjon, og nå også kirurgisk seksjon på Stord, arbeider for å redusere sjukefråværet.

Vedtak [samrøystes]

Styret i Helse Fonna tar saka til orientering og ber administrerande direktør fortsette arbeidet med å redusere sjukefråværet.

Sak 76/17 Eventuelt Skriv og meldingar

Skriv og meldingar

1. Årsplan for styret i Helse Fonna 2017
2. Protokoll frå styremøte i Helse Vest RHF 21.06.17
3. Rapport internrevisjon av oppfølging av regionale planar. Brev
4. Rapport internrevisjon av oppfølging av regionale planar. Rapport
5. Protokoll frå føretaksmøte-03-10-17
6. Innspel til tiltaksplan for Helse2035

Følgjande skriv blei delt ut i møtet:

Program for Kvalitetsdagane i Helse Fonna 2017
Innspill frå brukarutvalet til «Tiltaksplan Helse 3035»

Skriv og meldingar blei tatt til orientering.

Ref. Ingebjørg Kismul
26.10.17

Kjell Arvid Svendsen	Styreleiar
----------------------	------------

Sett: Brian Bjordal	Nestleiar
---------------------	-----------

Hilde Brit Christiansen	Medlem
-------------------------	--------

Gunnar Birkeland	Medlem
------------------	--------

Solfrid Borge	Medlem
---------------	--------

Nina Budal	Medlem
------------	--------

Pål Osjord Midbøe	Medlem
-------------------	--------

Tove Martha Callaghan	Medlem
-----------------------	--------

Helge Espelid	Medlem
---------------	--------